

# Signeringsinformasjon

Side 1/1



## Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 04. juni 2026

Navn	Signert med	Tidspunkt
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC High	2026-06-12 13:18:41
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC High	2026-06-15 10:35:45



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

## Møteprotokoll

**Råd:** Osterøy sokneråd

**Dato og tid:** 04.06.2026, 17:00

**Stad:** Kyrkjesenteret i Lonevåg

**Saksmappe:** OS2026-49

**Til stades:** Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kaland (Medlem), Anne-Mari Tyssebotn Bardsley (Varamedlem), Atle Hammer (Varamedlem), Britt Margunn Rød (Varamedlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

**Forfall:** Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Otto Mo (Medlem)

**Protokollfører:** Linda Gripsgård Lunga

Sokneprest Astrid Marie Haugland.

## Sakslista

### Faste Saker

026/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

027/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 23.04.26

### Møtesaker

028/26 FR - Rekneskapsrapport 1.tertial 2026

029/26 FR - Vedtak resultat i rekneskapet for 2024 og 2025

030/26 FR - Økonomiplan for 2027-2030

031/26 FR - Regelverk for pluss- og minustid i "TID"

032/26 FR - Møtedatoar hausten 2026

033/26 SR - Besøk av representant frå Stefanusalliansen

034/26 SR - Komite til 700 års jubileum for Hosanger som kyrkjestad

035/26 SR - 50 års konfirmantar på Osterøy

### Orienteringssaker

00016 Ledig stilling som kyrkjegardsarbeidar.

00017 Endring av arbeidsinstruks for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar

00018 Markering 100 år for Takvam kapell 31.mai

00019 Konfirmantlærer hausten 2026 og våren 2027

00020 Osterøy kommune og Kyrkjebevaringsfondet

00021 Spørsmål om julekonsert i Haus 10.desember.

00022 Orientering frå trusoplæringsrådet v/Miriam Skjelvik Kaland

00023 Nytt frå Diakoniutvalet

**Kari Vevle Reigstad**  
Nestleiar

---

**Bjarte Aarland**  
leiar

---

## 026/26 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	026/26

### Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste.

### Møtebehandling

Godkjent med tilleggssaker på orienteringssaker.

### Vedtak

Godkjent.

## 027/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 23.04.26

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	027/26

### Saksframlegg

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.04.26

### Vedtak

Godkjent.

## 028/26 FR - Rekneskapsrapport 1.tertial 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	028/26

### Saksframlegg

Vedlagt er rekneskapsrapport for 1. tertial 2026. Den er mottatt i dag og viser eit meirforbruk på kr 258 452,-. I år som i fjor har vi ikkje rukket å sende ut festeavgifta. I heile mai har vi mangla tilgang til Folkeregisteret, som trengs for å kunne "vaske" adressane før faktura vert sendt ut. Dette er enno ikkje i orden.

Meirforbruket vil ordne seg til 2. tertial når festeavgifta kjem inn og midler for trusopplæring kjem inn i starten av juni.

Forventar difor eit mindreforbruk på neste tertial.

### Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek rapporten slik den ligg føre.

### Møtebehandling

Soknerådet var inne på om det kunne opprettast ein Spleis som gjekk til inntekt til renovering av kyrkjene. Gjevarteneste kan uansett nyttast, men der er vi heilt i startgropa og vil ikkje kunne oppnå store summer på veldig lenge.

### Vedtak

Godkjent rekneskapsrapport frå 1. tertial.

## 029/26 FR - Vedtak resultat i rekneskapet for 2024 og 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	029/26

### Saksframlegg

Saksframstillinga er henta får rekneskapsbyrået Aider som seier dette:

"Som jeg nevnte i møtet, ble disposisjonsfond overtrukket i 2024 etter bokføring av fastsettelsesvedtaket med kr. 671.984,32 og bruk av fond jhht budsjettet med 25.000, totalt kr. 637.627,24. Dere hadde ingen midler i disposisjonsfond. Det som kan ha skjedd var at det ble vedtatt bruk av feil ubunden fond og det var ment å bruke for eksempel 55602 - vedlikehaldsfond.

Jeg tenker at vi må ordne opp i det overtrukne disp.fondet ila 2026. I regnskapet ser det ut som at resultat fra 2025 ikke ennå er vedtatt. Jeg foreslår derfor at dere vedtar å sette av mindreforbruket 2025 i drift på kr. 265.406,97 i disposisjonsfond og dekning av udekket i investeringsregnskapet på kr. 191.958 fra disposisjonsfondet. Etter dette gjenstår det kr. 564.178,27 å dekke inn overtrukket disp. fond.

Korreksjonen for overtrukket disp. fond har ingen resultatmessige konsekvenser da den dekkes fra en annen ubunden fond. Bruken av fondet fikk resultateffekten i 2024 når den ble bokført når merforbruket ble dekket, når vi overfører mellom fond går de to på en måte mot hverandre. Alt i alt har dere samme beløpet i ubundne fondene deres som før, men det blir ryddet".

### Forslag til vedtak

**Vedtak i rekneskapet for 2025:**

***Osterøy sokneråd vedtek å setje av mindreforbruket i 2025 i drift på kr. 265.406,97 i disposisjonsfond og dekning av udekka i investeringsregnskapet på kr. 191.958 frå disposisjonsfondet.***

**Vedtak i rekneskapet for 2024:**

***Osterøy sokneråd vedtek å avsetje 564.187,27 fra 55602 Vedlikehaldsfondet til 55600 Disposisjonsfondet.***

### Møtebehandling

På sikt må ein vurdere om ein skal slå saman fonda i dei tidlegare sokna. Finn ein tid til det så kan det sjekkast ut ulike stiftelser og legater om stønad. "Agros" har løyvt Havrátunet stønad til dømes. Silje Solberg på Osterøy kommune jobbar med slike søknader via landbruksavdelinga.

### Vedtak

**Vedtak i rekneskapet for 2025:**

***Osterøy sokneråd vedtek å setje av mindreforbruket i 2025 i drift på kr. 265.406,97 i disposisjonsfond og dekning av udekka i investeringsregnskapet på kr. 191.958 frå disposisjonsfondet.***

**Vedtak i rekneskapet for 2024:**

***Osterøy sokneråd vedtek å avsetje 564.187,27 fra 55602 Vedlikehaldsfondet til 55600 Disposisjonsfondet.***

## 030/26 FR - Økonomiplan for 2027-2030

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	030/26

### Saksframlegg

Vedlagt er økonomiplan for 2027-2030. Osterøy kommune ønskjer ein fire års økonomiplan som eit første utkast innan 30.06.26.

Det nye her er tillegget for 2030: Her har eg lagt inn eit forslag på etablering av Minnelund og ca pris.

### Møtebehandling

Diakoniarbeidet må synleggjerast i økonomiplanen. Det mangler fleire liturgiske bøker og liturgiske klede i fleire av kyrkjene. Ei avsetjing til dette må kome i 2027. Dette føres på Investeringsbudsjettet.

### Vedtak

Økonomiplanen vert vedteke slik den ligg føre med endringer for 2027 når det kjem til liturgiske bøker og liturgiske klede.

## 031/26 FR - Regelverk for pluss- og minustid i "TID"

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	031/26

### Saksframlegg

Viser til Osterøy kommune sine reglar for pluss- og minustimer:

**Det vert avrekna kvart halvår, 30. juni og 31. desember.**

**Du kan ha inntil 50 plusstimar. Har du meir ved avrekningsdato vert timane sletta.**

**Du kan ha inntil 15 minustimar. Har du meir ved avrekning skal du trekkjast i løn.**

**Det er då viktig at ein er innafor rammene ved avrekningsdato.**

### Forslag til vedtak

Kyrkjeverja foreslår at vi går for samme reglane som Osterøy kommune bruker.

### Møtebehandling

Osterøy sokneråd ønskjer avrekning kvart halvår 31.juli og 1.januar, i stadenfor 31.desember og 30.juni.

Ellers vert det dei same reglane for pluss - og minustid.

Vi er no i ei oppstartsfase med TID og tar dette litt forsiktig for sommaren i år, men er klar til å følgje dette per 1.januar 2027.

### Vedtak

Det vert avrekna kvart halvår, 31. juli og 1.januar

Du kan ha inntil 50 plusstimar. Har du meir ved avrekningsdato vert timane sletta.

Du kan ha inntil 15 minustimar. Har du meir ved avrekning skal du trekkjast i løn.

Det er då viktig at ein er innafor rammene ved avrekningsdato.

## 032/26 FR - Møtedatoar hausten 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	032/26

### Saksframlegg

Forslag til møtedatoar hausten 2026 er:

**Torsdag 10.september.**

**Torsdag 22.oktoboer**

**Torsdag 3.desember**

### Møtebehandling

Desse datoane vart foreslått:

10.september.

5.november.

3.desember.

### Vedtak

Møtedatoar hausten 2026 vert:

10.september.

5.november.

3.desember.

## 033/26 SR - Besøk av representant frå Stefanusalliansen

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	033/26

### Saksframlegg

Christine Gripsgård Lunga kjem frå Stefanusalliansen og vil fortelje litt om prosjekta dei har. Det vil også bli litt tid for spørsmål. Det er avsatt ein time til henne.

### Møtebehandling

Christine fortalte at Stefanusalliansen har 27 ansatte i Oslo. Dei har utvalgte misjonsprosjekt i Tyrkia, Iran, Pakistan og Egypt. I Pakistan til dømes er det vanlig med grove overgrep mot kristne. I Iran kan ein bli dømt til 10 års fengsel for å ha bibelgruppe. I Egypt vert dei koptiske kristne tatoverte. Dei jobbar opp i mot menneskerettigheter og folk som vert forfulgte for si tru i desse landa. Stefanusalliansen tilbyr skriftleg misjonsavtale, nyheitsbrev, ressurspakker, tips til aktiviteterer og besøk i gudstenester.

### Vedtak

Osterøy sokneråd tek orienteringa med til neste soknerådsmøte i september og vel då kva for misjonsprosjekt dei vil støtte.

## 034/26 SR - Komitè til 700 års jubileum for Hosanger som kyrkjestad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	034/26

### Saksframlegg

Vi har frå før fått forslag på fleire å spørje om dei vil vere med i ein komitè for jubileumet i Hosanger. Hittil har vi stort sett fått avslag. Vi har ein person som har meldt sin interesse: Finn Røsland. Ellers er det ansatte som deltek: Trent, Astrid Marie og Linda.

Dersom vi skal utrette noko må vi ha med fleire i komiteen. Har soknerådet fleire forslag til kven vi kan spørje?

### Møtebehandling

Kari Mjøs vil vere med i komiteen.

Forslag til kven ein kan spørje:

Sølvi Ann Hanstvedt, Per Bjarte Hanstvedt, Kari Aakre, Solveig Tepstad, Marit Tepstad, Irene Tysse, Henny Fjellskål, Bjørg Røsland, Gro Sandal, Geir Kleiveland og Audhild Skare.

### Vedtak

Kyrkjeverja jobbar vidare med fleire til komiteen og spør ovarnevnte navn.

## 035/26 SR - 50 års konfirmantar på Osterøy

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.06.2026	035/26

### Saksframlegg

Før samanslåing av sokna hadde det einskilde soknet ansvar for planlegging av 50 års konfirmantar og deira deltaking i gudstenester. Vi i staben kan vere behjelpelig med å finne fram lister frå kyrkjebøkene og kan sende ut invitasjonar, men resten av arbeidet kan vi ikkje ta på oss.

Desse gudstenestene er satt opp i oktober, så det er praktisk og greit at det vert sendt ut invitasjonar før sommaren.

Kva tenkjer soknerådet om arbeidsfordelinga i fht planlegginga av 50 års konfirmantar? Vil ein frå kvar tidlegare sokn ta initiativ til dette, eller ønskjer de ein annan fordeling?

### Møtebehandling

Oversikt vert sendt dei valgte i kvart tidlegare sokn i juni. Desse gudstenestene er i oktober. Kyrkjekontoret kan sende ut dei ferdige invitasjonane og lage påmelding på nettsida vår.

Innhaldet bør vere likt: 50 års konfirmantane inviteres til gudsteneste med ei samling etterpå. Samlinga etterpå er viktig for det sosiale. Komiteane organiserer ein stad der det vert servert middag.

### Vedtak

Oversikt over listene med 50 års konfirmantar sendes til Miriam Skjelvik Kaland for Hamre, Magne Vikne for Bruvik, Jan Roald Myking for Hosanger, Madli Hannisdal for Haus og Reidun Vevle for Gjerstad.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00016

## **00016 Ledig stilling som kyrkjegardsarbeidar.**

### **Informasjon**

Oddvar Høgli har sagt opp sin 40% stilling som kyrkjegardsarbeidar. Administrasjonsutvalet, verneombud og representant for dei ansatte har hatt møte saman med kyrkjeverja og formulert utlysningstekst som er lagt ut i Bygdanytt, på nettsida vår og på Facebook sida vår.

Det føreligg ei endring i utlysningsteksten at stillinga ikkje innebær å vere kyrkjetenar i gravferder. Dette for å få meir tid til arbeidet på kyrkjegardane, der behovet er stort.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00017

## 00017 Endring av arbeidsinstruks for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar

### Informasjon

Fleire av kyrkjetenarane har for lite timar og treng meire arbeid for å fylle opp timane sine, og kyrkjegardsarbeidarane har for mykje timar. Vi foreslo difor i møte med Administrasjonsutvalet, verneombud og representant for dei ansatte 12.mai at kyrkjetenarane kan vere kyrkjetenar i gravferdene og ikkje kyrkjegardsarbeidarane. Dette vil vere ei betre løysing for alle.

KA seier dette:

***Det er ikke eksplisitte regler i lov om endring av stillingsinstrukser, dette reguleres av grensene for arbeidsgivers styringsrett. Arbeidsgiver kan gjøre endringer innenfor styringsretten. Hvis endringene endrer stillingens grunnpreg, må det gjennomføres en endringsoppsigelse. Det må vurderes konkret om endringene går utover styringsretten; og det vil legges blant annet vekt på hva som står i arbeidsavtalen og hvilket arbeid vedkommende faktisk har utført. Hvis arbeidstaker er enig i endringene, er det ikke et problem om man endrer utover styringsretten. Endring av lønn og/eller degradering vil alltid kreve samtykke eller endringsoppsigelse. Endringene som foretas må uansett ha et saklig grunnlag.***

Kyrkjeverja hadde eit informasjonsmøte med dei dette gjeld 21.mai og dei sa seg einige i endringa. Det er difor ikkje behov for ein endringsoppseiing.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00018

## **00018 Markering 100 år for Takvam kapell 31.mai**

### **Informasjon**

Vi har fått invitasjon til jubileumsgudsteneste i Takvam kapell med jubileumsfest i Tunes bedehus søndag 31.mai. Frå soknerådet stiller soknerådsleiar Bjarte Aarland og kyrkjeverje Linda G. Lunga. Dei ønskjer ei pengegåve til innkjøp av salmebøker.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00019

## **00019 Konfirmantlærer hausten 2026 og våren 2027**

### **Informasjon**

Bjarte Aarland har fått tilbud om ei 40% vikarstilling som konfirmantlærer til neste konfirmantkull.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00020

## **00020 Osterøy kommune og Kyrkjebevaringsfondet**

### **Informasjon**

Det har nyleg vore ei lita orientering om kyrkjebevaringsfondet på møte i Osterøy kommune. Bjarte kan orientere om dette.

Saka om ein skriftleg intensjonsavtale har vore oppe i Herradsstyret som eit spørsmål. Dersom 1/3 av medlemmane i Herradsstyret er einige kan saka kome på sakslista og til vidare behandling.

Vi følgjer opp dette på møte 10.september.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00021

## **00021 Spørsmål om julekonsert i Haus 10.desember.**

### **Informasjon**

Liv Rivenes lurer på om soknerådet og Haus musikklag har ein avtale om eit felles opplegg på julekonsert i Haus kyrkje 10.desember også i år. Noko Bjarte og Astrid Marie kan bekrefte.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00022

## **00022 Orientering frå trusopplæringsrådet v/Miriam Skjelvik Kaland**

### **Informasjon**

20.juni vert det laurdagstreff i parken på Hamre. Dette vert siste gongen, p.g.a få oppmøtte. Nye ting vert hobbykveld for ungdommar i kyrkjesenteret. I mai var det misjonsdag i Haus. Heilt førsteklases har i år hatt 6 samlinger med få oppmøtte. Denne vert no endra til to lørdagar istadenfor 6 tirs dagar, som eit prøveprosjekt. Det har nyleg vore "Himmel over livet" for komande konfirmantar. 14. juni vert det familiedag i Bruvik. Det er framleis behov for fleire frivillige.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.06.2026	00023

## 00023 Nytt frå Diakoniutvalet

### Informasjon

Det nystarta diakoniutvalet har hatt sist første møte. Foreløpig består utvalet av Astrid Marie, Madli og Kristin-Merete. Det trengs fleire. Astrid Marie vart vald som leiar, Kristin-Merete nestleiar og Madli referent. Dei har jobba med å avklare forventningar og strategi i første omgang. Det kan verte aktuelt å invitere utvalet til ein presentasjon i soknerådet 5. nov. Dei har sitt neste møte i september.

# Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 04. juni 2026

Navn

**Bjarte Hammer Aarland**

Dato

**2026-06-15**

Navn

**Kari Vevle Reigstad**

Dato

**2026-06-12**

Identifikasjon

 Bjarte Hammer Aarland

Identifikasjon

 Kari Vevle Reigstad



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))